



Arkivnr: 2016/90-16

Saksbehandlar: Eirik Knive og Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.04.2016

Fordeling av tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde, Statsbudsjettet kap. 1420, post 78

Samandrag

Tilskotsordninga Tiltak i statleg sikra friluftsområde, jf statsbudsjettet kap. 1420, post 78, skal fremje friluftaktivitet i statleg sikra friluftsområde og i område verna som friluftsområde etter særlov.

Tilskotsordninga skal gjere slike område lett tilgjengelege og attraktive for ålmenta. Fylkeskommunane forvaltar tilskotsordninga og fordeler midlar til tiltak på grunnlag av innkomne søknader. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler midlane på vegne av Hordaland fylkeskommune.

For 2016 kom det inn 14 søknader i over 20 kommunar som omhandla tiltak i over 30 statleg sikra friluftsområder i Hordaland. Bergen og Omland friluftsråd sendte ein samløsøknad for 17 kommunar.

Statlege retningslinjer

I rundskriv T-1/15 om tilskotsordningar for 2016 innan naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern og foreining frå Klima og miljødepartementet er det sett krav om at søkar skal vere underretta om tildeling innan 1.april 2016. Hordaland fylkeskommune har gitt melding til Miljødirektoratet om at dei får tilsendt protokoll frå handsaminga av saka i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 13. april 2016.

Jf rundskriv frå Klima og miljødepartementet har tilskotsordninga følgjande føremål:

- minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje til rette for auka friluftaktivitet for alle
- ivareta kvalitetar knytt til opplevingar i området, og leggje til rette for gode naturopplevingar
- hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrning på plante- og dyrelivet, og øydelegging av kulturminne og kulturmiljø

Ordninga prioriterer friluftsområde som:

- ligg i og ved byar og tettstader.
- blir eller har potensial for å bli mykje brukt.
- ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala.
- ligg nær innlandsvassdrag.

Regionale retningslinjer

Desse kriteria samsvarar med føringane som er gitt i Regional kulturplan (2015-25) for innsatsområde friluftsliv. Tildelingane er sett i samanheng med sikringssaker i Hordaland dei seinare åra (kap. 1420, post 30).

Rammer for ordninga i 2016

For 2016 har Klima- og miljødepartementet fordelt kr 30.000.000 til fylkeskommunane til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 3.850.000 mill. til vidare fordeling. Kr 280.000 av desse er øyremerka tilrettelegging for universell utforming.

Innan fristen 1. februar kom det 14 søknadar med ein samla kostnad på kr 22.628.000 og søknadsbeløp på kr 7.923.000.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 3.850.000 mill. der kr 280.000 er øyremerka universell utforming, til tiltak i sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78 for 2016 slik:

Søkjar	Tiltak	Kostnad	Søknadssum	Tilskot
Askøy kommune	Avdekking og bevaring av istida sine strandavsetningar på Herdla friluftsområde	223 000	163 000	avslag
Askøy kommune	Universelt utforma gangveg til fugleobservasjonspunkt på Herdla friluftsområde	165 000	120 000	120 000
Askøy kommune	Kunnskapsløype på Herdla friluftsområde	75 000	55 000	55 000
Bergen og Omland Friluftråd	Tiltak i 24 statleg sikra friluftsområder i 13 kommunar	18 665 000	5 735 000	2 875 000
Friluftrådet Vest	Tiltak 10 statleg sikra friluftsområder i 5 kommunar, jf innstilling i saka.	3 500 000	1 850 000	800 000
Totalt		22 628 000	7 923 000	3 850 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.03.2016

Bakgrunn

Tilskotsordninga tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78 skal fremme friluftaktivitet i statleg sikra friluftsområde og område verna som friluftsområde etter særlov. Tilskotsordninga skal gjere statleg sikra friluftsområde lett tilgjengelege og attraktive for allmenta.

For 2016 kom det inn 14 søknader frå over 20 kommunar som omhandlar tiltak i over 30 statleg sikra friluftsområder i Hordaland. Bergen og Omland friluftsråd sendte samlesøknad for 17 kommunar.

Statlege retningslinjer

I rundskriv T-1/15 om tilskotsordningar for 2016 innan naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern og forureining frå Klima og miljødepartementet er det sett krav om at søkar skal vere underretta om tildelinga innan 1. april 2016. 10. mars 2016 fekk Hordaland fylkeskommune melding frå Miljødirektoratet om tildelt sum til vidare fordeling. Fylkesrådmannen har gitt melding til Miljødirektoratet om at dei får tilsendt protokoll frå Utval for kultur, idrett og regional utvikling 15. april 2016.

Tilretteleggingstiltak i varig sikra friluftsområde med skal ha følgjande hovudføremål:

- *Minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje til rette for auka friluftaktivitet.*
- *Ivareta kvalitetar knytt til opplevingar i området, og leggje til rette for gode naturopplevingar.*
- *Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrning på plante- og dyrelivet, og øydelegging av kulturminne og kulturmiljø.*

Midlane skal i hovudsak nyttast til friluftsområde som blir intensivt brukt og som kjem store delar av befolkninga til gode. Tilskotsordninga prioriterer friluftsområde som:

- *ligg i og ved byar og tettstader.*
- *blir eller har potensial for å bli mykje brukt.*
- *ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala.*
- *ligg nær innlandsvassdrag.*

Midlane skal nyttast til opparbeiding av området, tilrettelegging og skjøtsel. Aktuelle tiltak er til dømes informasjonstavler, opparbeiding av tilkomstveg og parkeringsplass, turveg eller tursti, fiskeplassar, tiltak for tilgjengelegheit for personar med nedsett funksjonsevne, brygge, badeplass, toalett, søppelstativ, formidling av kulturminner, til planting og skjøtsel. Midlane skal ikkje nyttast til drift av friluftslivsområdet. Det blir stilt krav om at kommune/ friluftsråd har utarbeid forvaltningsplan for friluftsområdet som skal vere godkjend av fylkesmannen. Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje på ordninga. Ein frivillig organisasjon kan ta hand om den daglege drifta av friluftsområdet.

Regionale retningslinjer

Kriteria i rundskriv T-1/15 om tilskotsordningar for 2016 innan naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern og forureining frå Klima og miljødepartementet samsvarar med føringane som er gitt i Regional kulturplan (2015-25) for innsatsområde friluftsliv. Tildelingane er sett i samanheng med sikringssaker i Hordaland dei seinare åra (kap. 1420, post 30).

Søknader for 2016

Kommunane og dei interkommunale friluftsråda søker gjennom Miljødirektoratet sin elektroniske søknadsportal, med frist 15. januar.

Klima- og miljødepartementet har for 2016 fordelt kr 30.000.000 til fylkeskommunane til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune har fått kr 3.850.000 mill. til vidare fordeling. Kr 280.000 av desse er øyremerka tilrettelegging for universell utforming. Innan fristen var det motteke 14 søknadar med samla søknadsbeløp på kr 7.923.000.

Samla vurdering av søknadene

Dei retningslinene som Klima- og miljødepartementet har vedteke for ordninga ligg til grunn for fylkesrådmannen sine vurderingar. Det er samsvar mellom dei statlege retningslinene og dei føringane som er vedtekne i Regional kulturplan (2015-25) for innsatsområde friluftsliv.

Den totale søknadssummen overstig tilgjengelege midlar til fordeling. I 2016 er friluftsområde som ligg i og ved byar og tettstader, som blir eller har potensial til mykje bruk, og som ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala, prioriterte. I tillegg er tildelingane sett i samanheng med sikringsaker i Hordaland dei seinare åra (kap. 1420, post 30). Fylkesrådmannen si grunngjeving for tildelingar og avslag finn ein i skjema som er lagt ved saka.

Fylkesrådmannen tilrår å tildele friluftsråda kvar sin samla sum, men der fordelinga av ressursar skal svare til søknadene og vere i tråd med vedtak i saka. Fordelinga mellom friluftsråda er vurdert ut frå kva grad friluftsområda innfrir føringane for ordninga, søknadssum, tal på medlemskommunar og tal på innbyggjarar.

BOF har i hovudsak prioritert landfaste friluftsområde der mange ligg ved tettstad og by jr. kriteria. 4 av 10 friluftsområder til Friluftsrådet Vest er berre tilgjengelege via båt og såleis er mange ekskludert frå tilgang til områda. Fylkesrådmannen tilrår at BOF får tildelt kr 2.875.000. Dette er 75% av totalt beløp til fordeling og gir ein dekningsgrad på 50%. Kr 180.000 av desse midlane er øyremerka tiltak knytt til universell utforming. Fylkesrådmannen tilrår at Friluftsrådet Vest får tildelt kr 800.000. Dette er 21% av totalbeløp, som gir ein dekningsgrad på 43%. Kr 100 000 av desse midlane er øyremerkete tiltak knytt til universell utforming.

Herdla er eit viktig regionalt friluftsområde. Fylkesrådmannen tilrår å støtte utvikling av ein universell utforma gangveg til fugleobservasjonspunkt med kr 120.000 (100%). Tiltaket med avdekking og bevaring av istida si strandavsetning vert ikkje støtta pga. tiltaket ikkje i stor nok grad vert vurdert til å rette seg mot å fremme friluftslivsaktivitet, men ha meir fokus på utstilling av naturminne. Vidare vert søknad om midlar til etablering av ei kunnskapsløype tilrådd støtte i fylkesrådmannen sitt framlegg.

1. Askøy kommune

Tiltak:

Kommunen søker om kr totalt 338.000 fordelt på tre søknadar som alle gjeld Herdla friluftsområde;

- a. avdekking og bevaring av istida sine strandavsetning til det nye Herdla museet
- b. universelt utforma gangveg til fugleobservasjonspunkt, og
- c. kunnskapsløype.

Dei planlagde tiltaka har ein kostnad på kr 463.000.

Vurdering:

Sjå fylkesrådmannen si vurdering i vedlegg i saka.

2. Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)

Tiltak:

BOF driv tilrettelegging, skjøtsel og drift av friluftsområder i 17 medlemskommunar med eit samla innbyggjartal på 428.809 (per 1.1.2016).

Utgangspunkt for søknaden er dei statleg sikra friluftsområda i BOF sin 5-årige forvaltningsplan. Planen er nyleg revidert, og gir ei samla oversikt over behova for tilrettelegging i dei aktuelle friluftsområda.

BOF søker om kr 5.735.000 mill. for å gjennomføre tiltak i dei 24 statleg sikra friluftsområda med høgast prioritering i sin forvaltningsplan; Kollevåg og Sjursvika i Askøy, Sveholmen og Kalsundholmen i Austevoll, Årvikane i Austrheim, Sandholna og Solviken i Bergen, Kårtveitpollen og Hissøyna i Fjell, Skjelavikjo og Fusaneset i Fusa, Kvernhusviki i Lindås, Håøya og Varnappen i Meland, Ervikane og

Mobergsvika i Os, Skageneset og Trettholmen i Radøy, Rolvsvåg i Samnanger, Styssøy, Sætrevika, Risøyna og Buarøy fort i Sund og Skogsøy i Øygarden. Kostnaden er på kr 18.665.000.

Kostnad for prioriterte tiltaka i kvar kommune er spesifisert i søknaden. Med utgangspunkt i forvaltingsplanen og tildelte midlar, utarbeider BOF kvart år ein arbeidsplan. Meir informasjon om dei aktuelle områda finn ein på www.bof.no. Alle dei statleg sikra friluftsområda er registrert i www.naturbasen.no, og vert oppdatert av friluftsrådet.

Vurdering av søknaden:

Søknaden omhandlar opparbeiding, tilrettelegging og skjøtsel i 24 statleg sikra friluftsområder forvalta av BOF. Alle tiltaka er prioritert i Bergen og Omland friluftsråd si 5-årige forvaltningsplan, og omhandlar prioriterte tiltak i høve til måla for denne tilskotsordninga.

BOF har levert ein søknad som er handsama samla. Sjå fylkesrådmannen si vurdering i vedlegg i saka.

3. Friluftsrådet Vest (FV)

Tiltak:

Friluftsrådet Vest har ansvar for tilrettelegging, skjøtsel og drift av friluftsområde i seks kommunar i Hordaland med eit samla innbyggjartal på 56.663 (per 1.1.2016).

Utgangspunkt for søknaden er forvaltingsplanen for alle friluftsområda. Friluftsrådet søkjer om kr 1.850.000 til tiltak i følgjande 10 statleg sikra friluftsområder; Vedvika, Furuneset og Åreiddalen og Breidvika i Bømlo, Preparen og Taraldsøya i Etne, Langøya i Fitjar, Lykelsøya og Bjøllebøvågen i Kvinnherad og Selsåsvika i Sveio kommune. Samla kostnad for desse områda er kr 3.500.000.

Vurdering av søknaden:

Søknaden omhandlar landfaste og ikkje landfaste områder som treng opparbeiding og tilrettelegging for auka friluftaktivitet. Dei områda som har blitt prioritert er dei mest tilgjengelege for allmenta, kor tiltaka i størst mogeleg grad fremmar potensialet for auka bruk.

Friluftsrådet Vest har levert ei rekkje enkelt søknader som er vurderte kvar for seg. Sjå fylkesrådmannen si vurdering i vedlegg i saka.